

Bergen, 13.8.68  
AAa/BM

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 113.

Lov av 21. juni 1968 nr. 4 om brigde i mellombels lov av 29. juni 1956 om egedomsretten til fiske- og fangstfarkostar.-----

I.

I mellombels lov av 29. juni 1956 om egedomsretten til fiske- og fangstfarkostar blir det gjort desse endringar:

§ 3 får nytt andre og tredje ledd som skal lyde:

Reglane i § 2 gjeld tilsvarande for løyve etter første leden i paragrafen her.

Kongen kan i særlege høve gje føresegner som for eit nærare avgrensa tidsrom fastset at farkostar over ein viss storleik ikkje skal førast inn i registeret, eller at farkostar over ein viss storleik som i tida frametter vert førde inn i registeret, ikkje skal kunne nyttast for eitt eller fleire nærare fastsette fiske.

§ 6 skal lyde:

Denne lov skal gjelde til 31. desember 1970.

II.

Denne lov tek til å gjelde straks.

-----